

ÅRSMELDING FOR JOSTEDAL SPEL- OG DANSARLAG 1999

Året 1999 har vore eit aktivt år for laget. Dei som har vore i styret er:

Leiar: Oddbjørg Ese

Nestleiar: Arnfin Gjerde

Kasserar: Dagrun Hesjevoll

Sekretær: Anne Kristin Haugen

Styremedlem: Mari Ormberg

Styret har hatt 6 styremøter, og 25 saker er blitt tekne opp. Laget har hatt 41 medlemmar.

I år måtte me ta imot det tunge bodskapet om at Kåre Fossøy gjekk bort. Han var i mange år aktivt med både som dansar og i styret.

Etter nokre år med liten aktivitet, vart det halde årsmøte den 3.mars 1999 på Solvang kafe. Her vart alle folkemusikkinteresserte Jostedøler inviterte til å møte fram for å prøve å få aktivitet opp att i laget. Dei frammøtte kom med ulike ynskjer og forslag, og styret skulle sjå på kva dei fekk til.

19-21 mars bar det iverg til Sogndal på Fylkeskappleik. Laget stilte opp i lagdans, og vart klassevinnarar. I A-klassen stilte Lars og Sigrun Vigdal (1.pr, nr 5), og Morten Vigdal og Anne Kristin Haugen(1.pr,nr 6). Terje Kjer stilte i song, Mari Ormberg i spel. Oddbjørg Ese var dommar i dans, og Asbjørg Ormberg i song.

Speleøvinga i laget starta opp att 5.april.

Utsending til årsmøtet i Landslaget var Harald Hesjevoll, og til årsmøtet i Sogn og Fjordane Folkemusikklag, var Dagrun og Harald Hesjevoll utsendingar.

I Dølaheimen arrangerte me fredagsdans i samarbeid med Breatrekken den 9.april. Mari Ormberg og Einar Ese spelte opp til ei hamborgar-økt, der Leiv Fåberg, Johanna Kvam, Lars og Sigrun Vigdal viste og prøvde å lære dei 45 frammøtte hamborgaren.

1.mai var kjellaren til Laila duka for å prøve noko heilt nytt, nemleg "Bre-bu". Her skulle det forteljast vitsar og historiar i alle variantar. Både lokale krefter og innleigde deltok, Agnar Kveane, Anita Bjørk Ruud, Marit Elvekrok og Kåre Øvregard. Som innleigd kåsør hadde me Odd Njøs . Allsong hadde me og, Olav Grov og Einar Ese stod for dette. I pausen kunne ein få seg rømmagrat og spekemat. Etterpå spelte spelemannslaget og Breatrekken opp til dans, til dei vel 80 frammøtte.

17-mai var laget med å selde pølse/is/brus i samfunnshuset. Springaren vart og framført på scena.

Juniorspelarane, som Harald Hesjevoll har i laget og i musikkskulen, var samla i samfunnshuset laurdag 12.juni, til fellesøving og sosialt samvære. 16 stk møtte opp, og pizzaen dei fekk servert, glei ned på høgkant. Dagen vart avslutta med ein liten konsert, 30-40 stk kom å høyrde på.

Landskappleiken vart arrangert i Oppdal 24-27 juni. Frå laget deltok Lars og Sigrun, Morten, Anne Kristin og Terje Kjer.

Det årvisse Mo-kurset var 26-31 juli. Frå laget vårt deltok Marthe Gjerde.

ARBEIDSPLAN FOR JOSTEDAL SPEL- OG DANSARLAG ÅR 2000

Laurdag 28 august deltok dansarar og felespelarar på Breheimsenteret då Historielaget hadde jubileumsfeiring. Laget spelte også opp til dans.

1-3 oktober vart det skipa eit tradisjonskurs i Sogndal. Her var ein innoom ulike tradisjonar i både dans og spel. Else-Marie Haugen og Mari Ormberg deltok.

Vestlandskappleiken vart arrangert på Breim 8-10 oktober. Mari deltok i spel, Harald Hesjevoll var dommar i spel.

For å få opp att danseiveren blant dei unge, starta me i oktober opp med eit samarbeid med skulen. Harald Haugen og Anne Kristin Haugen har dansing med 5, 6 og 7 klassen annankvar fredag i ein skuletime. 21 elevar er med, og til no er det ulike dansar i reinlendartakt og polkataktt som er blitt brukt. Tanken er å lære ungane det grunnleggande i dansen, og det å tore å danse med kvarandre. Denne dansinga skal fortsetje ut skuleåret.

16-17 oktober var me så heldige å få Håkon Høgemo til å kome å ha felekurs. 8 stk deltok, og dei spelte både laurdag og søndag. Om laurdagskvelden hadde Håkon ein flott konsert i Dølaheimen, etterpå hadde me bygdakveld med servering av kaffi og bollar. Omtrent 60 framømte var det, og Breatrekken spelte til dans.

For å få opp att danseaktiviteten blant dei vaksne og ungdommane, laga me til eit nybyrjarkurs i gammaldans. Fyrste dansekvelden var torsdag 4. november i samfunnshuset, og før jul hadde me fire dansekveldar. For kvar kveld tok me fatt i ein dans, og me var innoom både reinlendar, vals, pariserpolka og enkel swing. 10-15 stk møtte opp, og me dansa så sveitten rann.

5-7 november vart det arrangert rudl-seminar på Voss. Dette var eit samarbeidsprosjekt mellom folkemusikkklaga i Sogn og Fjordane og Hordaland. Lars Vigdal, Mari Ormberg, og Tormod Øvrabø deltok.

Det tradisjonelle julebordet vart halde 18. desember på Solvang Kafe. Dei 81 framømte fekk god mat og dansa etter god og variert musikk av Øy og Vadset.

Nyttårsafta var me med å feira tusenårsskifte i samfunnshuset. Sidan denne nyttårsfeiringa var av den skjeldne sorten, ville spel- og dansarlaget gjere ein ny vri av framføringa av dans, spel og song. Det vart danna ein eigen komite, der Sigrun Vigdal, Kjellrunn Elvekrok og Karin Gjerde var med, i tillegg Oddbjørg Ese og Anne Kristin Haugen frå styret. Resultatet av dette, vart eit flott bryllaup med krunebrur i spissen. Brudestasen vart lånt av Bondekvinnelagt i Luster, og Eli Johanne Ormberg og Morten Vigdal vart "vigde". Asbjørg Ormberg starta det heile med å synge "bedarvise", og spelemennene spelte opp til vals, hamborgar, springar og marsj. Marit Elvekrok song "bryllaupsvise". Dette var ei flott framføring og ei stor overrasking for publikum.

Swingkurset som me lyste ut i vår, vart det ikkje noko av p.g.a. for få påmelde.

Her i fylket skal det no skipast ei elitegruppe innan folkemusikk. 15 personar er tekne ut til å delta, deriblandt Anne Kristin Haugen og Morten Vigdal. Det er fylkeskommunen som står bak dette tiltaket, og meininga er å lage til ei framføring som skal synast på ulike arrangement.

Ellers har me hatt bingoar, og fått inn ein del midlar til lagskassa.

Jostedal- spel og dansarlag vil takke alle som har vore med å gjort ein innsats i året som har gått.

- ☐ Nybyrjaropplæring i fele held fram
- ☐ Fredagsdans med innlagd opplæring t.d. springpolka, masurka
- ☐ Fortsette med dans i skulen fram til våren
- ☐ Polskurs med Kirsten Friis 26. og 27. februar 2000
- ☐ Lustratreffen 2000 i samfunnshuset 26. februar, samarbeid med Breatrekken
- ☐ Årsmøte i Sogn og Fjordane Folkemusikklag på Solvang Kafe, laurdag 11 mars, med framsyning av "Nyttårsbryllaupet".
- ☐ "Bre- bu"
- ☐ Juniortreff til våren, i samarbeid med Sogn og Fjordane Folkemusikklag
- ☐ Delta på kappleikar
- ☐ Kursdeltaking
- ☐ Bingo

Sogn Avis
17/2 - 2000

Lustratreffen 2000

Stort gamaldanstreff i Jostedal Samfunnshus laurdag den 26. februar kl. 20.00.

8 gamaldansgrupper frå Luster.

Sal av betasuppe og forfriskningar.

Inngong kr. 80,-.

Alle velkomne!

Arr.: Breatrekken og Jostedal Spel- og Dansarlag

Sogn Avis 6/2-00

Lustratreffen 2000 - Gammaldans- musikk til tusen!

Det er tid for å pusse danseskoa att. Lustratreffen, eit av høgdepunkta i gammaldansmiljøet i Luster, går av stabelen i Jostedal den siste laurdagen i februar. Då møtest gammaldansorkester frå heile kommunen for å få alle danseglyde ut på dansegolvet. Gruppene som i år deltek er: Hafslobelgen, Hafslo Trekkspelklubb, Indre Hafslo Spelemannslag, Gaupne Toradargruppe, Elles, B-gjengen, Breatrekken, og Jostedal spelemannslag. Jostedalene vil syte for mat utover kvelden, og kaffi, brus og kaker blir også å få kjøpt.

Arrangørene lovar gammaldans på siitt beste, og vonar flest mogeleg vil ta turen til Samfunnshuset i Jostedal den kvelden.

Sogn Avis
TYSDAG 15/2-00

Polskurs

i Jostedal Samfunnshus 26. og 27. februar. Start laurdag kl. 11.00. Instruktor: Kirsten Friis. Pris kr. 150,-.

Påmelding til:
Tlf. 57 68 32 53/
57 68 32 66 innan 22/2.

Jostedal spel- og dansarlag